



Vest-Telemarkrådet

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Til: Ordførarane og rådmennene i Vest-Telemark
Dato: Tysdag 18. mai 2021 kl. 10.00
Stad: Kommunestyresalen i Treungen

Kviteseid, 11. mai 2021

Kl. 09.30 Enkel servering i møterommet
Kl. 10.00 Rådsmøtet startar med orienteringar
Kl. 11.30 Dialogmøte med Statsforvaltaren
Kl. 12.00 Lunsj
Kl. 12.45 Rådsmøtet held fram

Teamsmøte med Telemarksbenken kl. 16.00-17.30

Vi ynskjer velkomen til Treungen i Nissedal kommune!

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

Jarand Felland, regionordfører
Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar

SAKLISTE

Rådsmøte tysdag 18. mai 2021 kl. 10.00

- 20/2021 Referat førre møte
- 21/2021 Utsending av referat - endring av praksis
- 22/2021 Referatsaker
- Uttale til Vest-Telemark Museum sine planar om konsolidering med stiftinga Harald Kihle
 - Uttale til mogleg styrking av Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen.
- 23/2021 Orienteringar
1. Distriktpsikiatrisk senter (DPS) Seljord ved Kari Roko Tveiten, seksjonsleiar, Christina Engebretsen, seksjonsleiar, og Lars Ødegård, klinikksjef.
 2. Omorganisering av kyrkja ved Martin Stærk, kyrkjeverje i Bø og leiar i Norges kirkevergelag, og Asgeir Sele, prost i Øvre Telemark
 3. Auka byggherrestyring og delt byggeleiing ved Stian Hauge, medgründer i oppstartsselskap
 4. Status felles klimaplan ved Anne Aasmundtveit
 5. Status småbruksprosjektet ved Johannes Rindal
- 24/2021 Dialogmøte med Statsforvaltearen
- 25/2021 Høyringsuttale– NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring og NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring
- 26/2021 Uttale frå Vest-Telemarkrådet om å støtte USN planar om forskningspark i Bø
- 27/2021 Høyringsuttale – NOU 2021:6 – Myndighetenes håndtering av koronapandemien - Covid-19
- 28/2021 Nettverksbygging i Vest-Telemark
- 29/2021 Førebuing møte med Telemarksbenken
- 30/2021 Eventuelt

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 16. mars 2021 kl. 09.30 - 15.00 i Fyresdal næringshage

Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland
Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen
Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog
Leiar i rådmannsutval og rådmann i Vinje Jan Myrekrok
Rådmann i Tokke John Kleiv
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter
Kst. rådmann i Seljord Frid Berge
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen
Terje Riis-Johansen, Fylkesordfører i Vestfold og Telemark
Tom Omnes Lia, Vestfold og Telemark Fylkeskommune
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal
Geir Ufs, Vest-Telemark Blad

På teams:

Fred-Ivar Syrstad, Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Arve Høiberg, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Tom Omnes Lia, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Karianne Resare, KS

09/2021 **Referat førre møte**

Vedtak: *Referatet vart vedteke*

10/2021 **Orienteringar**

1) Forskarpatruljen inkl. besøk i laben ved Olav Veum og Oddbjørn Rennan Svendsen

Telemark Lys fokuserer på å vera ein offensiv og marknadsorientert sosial entreprenør i Vest-Telemark. Forskarpatruljen, som fremmar kunnskap, inkludering og meistring for alle, er ei 3-årig satsing. Budsjettet er på kr 1,4 mill per år.

Mål for 2021: Besøke barnehagar og skular i Vest-Telemark. Praktisk realfag, programmering, eksperiment.

2) DigiTV ved Carolina Toll, prosjektleiar, i forprosjekt 2020-2021, teamspresentasjon

Samarbeid om digitalisering og tenesteutvikling der alle 23 kommunar i fylket er med. Sterke nasjonale føringer, rask teknologisk endringstakt, høge forventningar frå innbyggjarar, samt behov for effektivisering krev at offentleg sektor jobbar og samarbeidar på nye måtar. Like behov på kryss og tvers av fylket som og gjenspeglar landet. Samarbeid tydelegjer og synleggjer samskaping og gevinstrealisering. Planlagt 2-årig hovudprosjekt 2021-2021 og drift frå 2023. Viss kvar enkelt kommune i skal gjennomføre endringsarbeid, er det tilrådd å ha ein felles ressurs i Vest-Telemark. Dette kan ikkje DigiTV klare. Digitaliseringstakta er høg.

3) Kunstsamling av Harald Kihle ved Dag Rorgemoen, Vest-Telemark Museum

VTM er eit viktig Kunst- og kulturhistorisk museum i regionen. Direktøren ved museet orienterte om planane om ei konsolidering med stiftinga Harald Kihle.

VTM skal søkje tilskot frå kulturdepartementet og fylkeskommunen. Kostnadsoverslaget er på 4,2 mill, med slik finansiering: 2 mill frå kulturdep, 1,2 mill frå fylket, sparebankstiftinga 500 000. Dette

vil og kunne utløyse faste driftsmidlar, der behovet er på kr 550.000 til forvaltning, kunnskapsformidling, forskning m.m.
VTM ber om ei støtteuttale frå Vest-Telemarkrådet.

4) Mogleg styrking av skuletilbodet i Vest-Telemark ved Jan Gullik Sørbø, Vestfold og Telemark fylkeskommune og John Erik Robertsen og Siv Reidun Eide Vest-Telemark vidaregåande skule

Orientering ved Jan Gullik Sørbø: i fylket er det 21 skular og 14.500 elevar. Stor avstand mellom skulane i Telemark, men relativt tett i Vestfold. Tilbodstrukturen: 15 programmar, 80 programområde, 50/50 studieforbereidande og yrkesforbereidande. I Vest-Telemark 60/40 yrke/studieforbereidande. Ynskje om å vri meir over på yrkesfag, då dette vil vera eit behov i framtida. Få som blir fagarbeidarar sjølv om det er det Noreg treng. Korleis kan ein styrke skuletilbodet i Vest-Telemark? Det vert jobba etter grunnleggjande prinsipp: samfunnets behov, ynskje frå elevane, læreplassar, geografisk fordeling og reiseveg, fagmiljø, støttestrukturar, arealutnytting og økonomi.

Dette skuleåret går 214 av 468 elevar frå Vest-Telemark på Vest-Telemark VGS. Eit viktig spørsmål fylkeskommunen stilte rådet er *korleis styrke utdanningstilbodet i Vest-Telemark*, slik at fleire elevar frå regionen får eit tilbod lokalt? Auka bruk av vekslingsmodellar kan vera eit alternativ. Dette er avhengig av bedrifter som tek eit ansvar.

Innspel i møtet:

- Viktig å ha dialog med elevar, både dei som skal inn i VGS, dei som er i VGS og dei som akkurat er ferdig på VGS.
- Samfunnsøkonomi og samfunnsoppdrag, ikkje berre tenke økonomi og fulle klasser.
 - o Stykkprisfinansiering er ikkje greit. Det er viktig å ha gode skuletilbod også i distrikta. Ein kan ikkje lage bedrift av alt.
 - o Andre faktorar som spelar inn er t.d. hybel og skuleskyss.
- Vest-Telemark VGS på Dalen kan vise til gode resultat og høg grad av gjennomføringsgrad
- Avgjerande å halde på ungdommane.
- To grunner til at folk søker seg til andre stader:
 - o Vil ikkje gå lokalt
 - o Det ynskte tilbodet eksisterar ikkje lokalt.
 - Det er difor viktig å ha dialog med elevane i ungdomsskulen, høyre om korleis interessa for ulike tilbod er. Her kan ungdomsråda bli utfordra.
- Kva utdanningstilbod som faktisk blir tilbydd i Vest-Telemark.
 - o Før jul 2020 vedtok Fylkestinget å tilby færre utdanningstilbod i Vest-Telemark enn før.
- Fylkeskommunen må sjå skulane som regionale utviklingsaktørar.
 - o Vidaregåande skular i distrikta fungerer i symbiose med lokalsamfunnet. Elevtallsnedgangen er i andre regionar. Vest-Telemark slit med folketalsnedgangen, treng drahjelp for å halde ungdommen i regionen. Vi veit at vidaregåande tilbod lokalt er ein kritisk faktor.
 - o Tenke nytt rundt korleis ein riggar tilbod som t.d. samarbeide med næringslivet og utvikle vekslingsmodellen
- Må tilby våre ungdommar og næringsliv ei breidde i tilbodet.
- Saknar meir fokus på moglegheitene som digitalisering gjev.
- Ikkje bra med for små grupper. Digital: har ikkje vore lov, men er lovending på gang.
- Synd at fylkeskommunen ikkje er meir konkret. Dei skulle ha vore meir konkrete i sine forslag når dei fremma saka i rådet.
- Eit konkret forslag er at ein kan bør få til gode tilbod med X-factor. Ein må må ikkje heile tida gå ut i frå økonomisk berekraft. Det er avgjerande at det er stabilitet i tilbodet for å halde

stabil arbeidskraft. Bør tenke samarbeid med USN- Kva med ei forskarlinje. Musikk og drama eit anna forslag.

- Stille krav til fylkeskommunen på det bygningsmessige.

5) Status småbruksprosjekt ved Johannes Rindal

Brev blir sendt til pilotkommunar for å sjekke ut muligheitene på eigedomen-startar med 15-20 eigedomer i pilotane og fortsetter så med dei andre kommunane.

Noko arbeid faller på den enkelte kommunane ved landbrukssjefane.

Midt-Telemark har meldt si interesse.

Prosjektet er omfattande og ressurskrevjande slik at det vil kunne vera føremålstelege å gå saman om å finansiere ei stilling som kan følge opp prosjektet på ein god måte.

Ein kan ikkjeeta inn fleire kommunar no med mindre det blir etablert i ei prosjektstilling.

6) Status klimaplan ved Anne Aasmundtveit

Kort orientering om status og framdrift ved Anne Aasmundtveit.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet er positive til ei uttale som støttar opp om overtaking av Harald Kihle-samlinga.*

Administrasjonen skriv eit uttaleutkast til mogleg styrking av skuletilbodet i Vest-Telemark. Uttala vert sendt på epost til rådsmedlemmane for godkjenning.

11/2021 Årsrekneskap og årsmelding 2020

Anne Aasmundtveit la fram årsrekneskapen og årsmelding for 2020

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2020 under føresetnad at revisor godkjenner rekneskapen.*

12/2021 Vidareføring av digitaliserings- og velferdsteknologiprojekta

Anne Aasmundtveit la fram saka.

Innspel i møtet:

- Viktig å å vidareføre prosjektet.
 - o Det er i implementeringa i kommunane det stoppar, der for er det behov for ein ressurs som kan vera med å ta ansvar for dette..
- Det er alltid enklare å rekruttere når stillingane er faste.
- Det var stilt spørsmål om det er nok med *ein* fast ressurs på digitalisering og velferdsteknologi for alle seks kommunane? Tilbakemelding i møtet på dette var at ein ressurs er ein god start.
- Ei viktig prioritering vil vera å kople IT mot tenesteutviklinga.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet vedtek å etablere ein fast ressurs i 100% stilling på digitalisering og velferdsteknologi 1. januar 2022 finansiert av rådet i 2022 og 2023.*

Refinansiering av stillinga med verknad frå 2024 skal vurderast i 2023. Rådmannsutvalet får i oppdrag å gi stillinga ei benevning.

13/2021 Høyringsuttale til NOU 2020: 15 Det handler om Norge (Demografiutvalet)

Vedtak: *Høyringsuttala vart vedteke slik den ligg føre*

14/2021 Strategi for utvikling av vegnettet i Vest-Telemark

Johannes Rindal la fram saka.

Arve Høyberg, leiar av samferdselsutvalet, som deltok på teams, vart invitert av regionordførar til å kommentere den framlagte vegstrategien.

Vedtak:

- 1. *Vest-Telemarkrådet ynskjer ein aktiv dialog med Vestfold og Telemark fylkeskommune om utviklinga av fylkesvegane i vår region, både når det gjeld prioritering i areal- og transportplanen og utvikling av prosjekt som kan vere aktuelle for statleg (del)finansiering.***
- 2. *Vest-Telemarkrådet krev at Stortinget sikrar god finansiering av programområda for riksvegar.***
- 3. *Vest-Telemarkrådet har følgande prioriteringar av prosjekt innanfor programområda på E134 og rv. 41:***

Rv.41

1. Vest-Telemarkrådet legg til grunn at strekninga Treungen - Vrådal blir prioritert som ei utbetningsstrekning. Det må sikrast gode tilhøve for gåande og syklende.
2. GS-veg Kvitsund - Kviteseid og nytt kryss Kviteseid sentrum
3. Ny bru i Treungen
4. Utbetring av Kviteseidkleivane

E134

1. Vest-Telemarkrådet legg til grunn at Seljord-Flatin blir finansiert og bygd.
2. Prioritering av øvrige prosjekt:
 1. Kjerringdalen - Særensgrend
 2. Høydalsmo sentrum
 3. Særensgrend - Tveitogrend
 4. Breiland
 5. Nestestog - Kåsi
 6. Brunkeberg - Seljord
 7. Morgedal – Brunkeberg
3. Vest-Telemarkrådet ber Regjeringa definere dagens E134 Vinjesvingen - Seljord som ei utbetningsstrekning, og sikre forutsigbar finansiering av dei prioriterte prosjekta.

15/2021 Uttale til Nasjonal turiststi for Venelifjell

Jarand Felland la fram saka.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet stør uttale slik den ligg føre*

16/2021 Møte med telemarksbenken 18. mai 2021

Jarand Felland la fram saka.

Framlegg frå Erik Skjervagen om å drøfte følgjande tema med benken: *Tilgang på kraft.*

Vedtak: *Følgjande saker skal drøftast med Telemarksbenken:*

- 1. *Nasjonal Transportplan 2022-2033***
- 2. *Revidert budsjett***
- 3. *Tilgang på eiga kraft***

17/2021 Framlegg til opplegg og sakliste for Vest-Telemarktinget 20. april 2021

Jarand Felland stilte spørsmålet om en skal invitere ein ordførar som kan koma med ei helsing til tinget slik som Tor Peder Lohne, ordførar i Drangedal kommune, gjorde i desembermøtet.

Innspel i møtet:

- NTP 2022-2033 som foreslått i saksframlegget er høgaktuelt
- Barnevern med ressursteam
- NAV - erfaring med samanslått kontor
- Ungt utanforskap

Vedtak: *Arbeidsutvalet tek med seg innspel i rådet og ferdigstiller saklista til tingmøtet*

18/2021 Eventuelt

Ingenting kom opp under eventuelt

21/2021 Utsending av referat - endring av praksis

I alle år har det vore praksis at Vest-Telemarkrådet vedtek referatet på påfølgjande rådsmøte, med den konsekvens at det kan gå veldig lang tid frå rådsmøtet er gjennomført til referatet blir vedteke. Det vil derfor vera meir føremålsteneleg at referatet vert godkjent kort tid etter rådsmøtet. På den måten kan referatet bli sendt til kommunestyra som sak under referat og meldingar så raskt som råd etter rådsmøta.

Ny praksis vil skje på denne måten:

- Administrasjonen får skrivefrist på tre dagar før utsending av referat til rådsmedlemmane.
- Ordførarane får 5 dagar til å godkjenne referatet per epost.
- Administrasjonen sender referatet til alle kommunane straks det er godkjent.

Framlegg til vedtak: Ny praksis av godkjenning av referat som skissert i saksutgreiing vert innført med umiddelbar verknad



Vest-Telemarkrådet

Kviteseid, 18. mars 2021


Uttale til Vest-Telemark Museum sine planar om konsolidering med stiftinga Harald Kihle

Vest-Telemarkrådet fekk i sitt rådsmøte av 16. mars 2021 ei god orientering frå direktøren ved Vest-Telemark Museum, Dag Rorgemoen, om planane om ei konsolidering med stiftinga Harald Kihle.

Vest-Telemark Museum er eit viktig kunst- og kulturhistorisk museum for regionen og det vil vera naturleg og ynskjeleg å styrke utstillingane med ei samling av kunstnaren Harald Kihle som hadde nær tilknytting til Vest-Telemark.

Vest-Telemarkrådet er positive til at verk og arkivsamlingar etter Harald Kihle, eigd av stiftinga Harald Kihle, no plassert i Horten, vert flytta og etablert i tilknytning til Vest-Telemark Museum og at museet tek over det museumsfaglege ansvaret for samlinga.

Med venleg helsing
Vest-Telemarkrådet
Samarbeidsorgan for kommunane
Vinje, Fyresdal, Tokke, Nissedal, Seljord og Kviteseid


Jarand Felland
Regionordfører


Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar



Vest-Telemarkrådet

Vestfold og Telemark fylkeskommune
Att: Jan Gullik Sørbø

Kviteseid, 12. april 2021

Uttale om mogleg styrking av Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen

Innleiing

Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen er eit viktig tilbod til ungdom i regionen. Det betyr særst mykje at det er eit godt utbygd skuletilbod med attraktive utdanningsprogram, både innan studiekompetanse og yrkesfag, slik at ungdomen kan få høve til å velje om dei vil bu heime eller ikkje. Ungdom må i størst mogleg grad få ta si grunnutdanning utan å måtte flytte. Det syner seg at ungdom som flyttar ut for å gå på skule og utdanne seg, ikkje kjem tilbake til kommunen sin. Det er stor avstand mellom skulane i øvre del av fylket, så eit godt skuletilbod i regionen er avgjerande for å halde på ungdomen.

Regionale utviklingsaktørar

Fylkeskommunen kan ikkje bare vektlegge økonomi og fulle klasser, men fylkeskommunen som ein sentral samfunnsutviklar må vurdere både samfunnsøkonomi og samfunnsoppdrag. Det er god samfunnsøkonomi å behalde ungdomen i regionen, både med tanke på folketal og kompetanseutvikling. Det er viktig å skape, bevare og oppretthalde kompetansearbeidsplassar i distriktet


Fleire faktorar som t.d. hybel, skuleskyss, fritidstilbod, m.m. spelar inn. Fylkeskommunen må bruke skulane som regionale utviklingsaktørar. Vidaregåande skular i distrikta fungerer i symbiose med lokalsamfunnet.

Framtidige kompetansebehov

I dag er det 21 skular i fylket med 14.500 skuleplassar fordelt med 50% på studieforbereidande og 50% på yrkesforberegande. Samfunnsbehovet krev ei vridning mot yrkesfag i framtida. Der er Vest-Telemark VGS på rett veg, som kan vise til ei 60/40 fordeling på yrkesfag og studieforberegande.

Vest-Telemark vidaregåande skule har over år levert gode resultat og særleg høg gjennomføringsgrad. Elevar frå skulen har lett for å få seg læreplass, òg utanfor regionen.

Eit berekraftig samfunn har arbeidsplassar som utfyller einannan og spelar på lag. Det betyr at ein ikkje berre kan basere seg på ein type kompetanse, men utvikle breidde og fleire bein å stå på. Fleire ulike kompetansar, det vil seie eit breitt utdanningsgrunnlag, er derfor essensielt for å skape



eit robust lokalsamfunn som tar høgde for konjunktursvingingar. Vest-Telemark har kvalitetar, særpreg og styrker som ein må ta vare på og dyrke/reindyrke på ein god måte. Regionen har også behov for nytenking, innovasjon og å sjå framover. Noko som syner seg i satsinga på næringshagar og støtte til nyetableringar og entreprenørskap.

Kompetansebehov i regionen er innan ulike bransjer, her kan nemnast helse, IKT, mekanikarfaget, bygg-og anlegg, reiseliv, handel og service m.fl.

Uavhengig av det vidaregåande tilbodet, bør fylkeskommunen jobbe vidare med eit forsterka samarbeid med USN om profesjonsutdanning.

Konkrete forslag

Fylkeskommunen må

- jobbe for ein distriktpolitisk god modell for finansiering av vidaregåande skular
- sjå på om tilbod kan organiserast i mindre grupper, både på program og fag, eventuelt ved bruk av digitale løysingar i enkelte fag, for å styrke utdanningstilbodet
- legge til rette for auka bruk av vekslingsmodellar er eit alternativ.
- halde på nærskuleprinsippet
- utarbeide ein rapport for opprusting av skulen, som både omhandlar rehabilitering, ombygging til nye krav og eventuelt nye tilbod
- sjå på om det er mogleg å realisere eit internatbygg på Dalen.

Vest-Telemarkrådet kan bidra med å:

- kartlegge behovet næringslivet i regionen har for arbeidskraft
- jobbe for fleire læreplassar i regionen
- kartlegge behova og ynskja til elevar, både dei som skal inn i vidaregåande skule, dei som er i VGS og dei som akkurat er ferdig i VGS

Med venleg helsing

Vest-Telemarkrådet

Samarbeidsorgan for kommunane

Vinje, Fyresdal, Tokke, Nissedal, Seljord og Kviteseid

Sigrn
Jarand Felland
Regionordfører

Anne Aasmundtveit
Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar

24/2021 Dialogmøte med Statsforvalteren

Statsforvalteren ynskjer å møte i rådsmøtet for å ha ein god dialog med kommunane. Per Arne Olsen vil gjerne drøfte aktuelle tema og problemstillingar med ordførarane og det vert lagt opp til ei gjensidig drøfting. Frå Statsforvalteren møter også fagdirektør Fred-Ivar Syrstad.

Det må takast atterhald om fysisk deltaking grunna smittevernomsyn.

25/2021 Høyring – NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring og NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring

Syssettingsutvalet sitt arbeid har vore delt i to fasar:

Utvalet si ekspertgruppa blei oppnemnd 12. januar 2018 for å analysere utviklinga i sysselsetting og mottak av inntektssikring, og foreslå tiltak for at fleire kjem i arbeid. Ekspertgruppa sine tilrådingar ligg i [NOU 2019:7](#) Arbeid og inntektssikring. Deretter blei fagekspertane og 8 representantar frå hovudorganisasjonane i arbeidslivet oppnemnd for fase 2. Dei endelege tilrådingane ligg i [NOU 2021:2](#) Kompetanse, aktivitet og inntektssikring. Det overordna målet er å sikre at fleire kjem i arbeid og at færre hamnar utanfor arbeidslivet. Utvalet har vore leia av professor Steinar Holden.

Utvalet byggjer på svært grundige analyser, forskning og statistikk. Dei viar eit heilt kapittel til *den norske modellen* (kap 3), og tek føre seg historia kring trepartssamarbeidet, lønnsdanning og frontfagsmodellen, dei utfordringane modellen kan møte i framtida og kva som er viktig for å utvikle og bevare ein av grunnplankane i den norske arbeidslivspolitikken.

Når det gjeld *utfordringane* (kap 4) for sysselsettinga framover, peiker utvalet mellom anna på at korona-pandemien kan forsterke nokre av dei strukturelle trekka som var grunnen til at utvalet blei oppretta. Dette gjeld til dømes at nedstengingar og permitteringar råkar hardest dei som har lite formell kompetanse og arbeider i bransjar med lågare lønnsnivå. Utvalet peiker på at dei med låg inntekt, kort utdanning, unge og innvandrarar kan misse si tilknytning til arbeidslivet. Kompetanse og helse som faktorar for utanforskap, er òg ei sentral utfordring som utvalet drøftar. Det er eit stort potensial i å auke sysselsettinga blant personar med nedsett funksjonsevne og blant innvandrarar.

Deltid (kap. 5) blir nøye analysert. 1 av 4 sysselsette arbeider deltid - for kvinner er det 36,3 % som arbeider deltid og for menn 14,9 %. Andelen som jobbar deltid i Noreg er høg, men ikkje særleg høgare enn i samanliknbare land. Om lag 1 av 4 menn som arbeider deltid er studentar, det same talet for kvinner er 1 av 5. Det er i overnatting/servering, personleg tenesteyting, helse/omsorg og varehandel at det er flest deltidsstillingar, og andelen kvinner som har deltidsstillingar i desse bransjane ligg godt over andelen menn som jobbar deltid her. Til dømes arbeider 72,8 % av alle kvinnelege helsefagarbeidarar deltid. Det er dei som er undersyssette (dei som jobbar deltid og ønskjer større stilling) som er det største problemet. 1 av 10 som arbeider deltid er i denne kategorien, og berre innan helse- og sosialtenester gjeld dette 25 000 tilsette. Her ligg det ei stor arbeidskraftreserve som ikkje blir utnytta. Arbeidet med heiltidskultur har stort fokus i mange bransjar, ikkje minst i kommunane, og det er sett i verk mange ordningar og forsøk som har dette som mål.

Fleirtalet i utvalet går inn for å tydeleggjere pliktene som ligg i sjukelønsordninga og ei forskyving av arbeidsgjevar sitt finansieringsansvar til langtidsfråver, mot mindre betaling for korttidsfråver. Fleirtalet går òg inn for at aktivitetsbasert uføretrygd skal vere hovudregelen for nye mottakarar under 30 år. Høyringsuttala legg opp til å støtte prinsippa i dagens sjukelønsordning fram til tiltak som nyleg er innført er evaluert, og ber om at tematikken kring unge utan arbeid, utdanning eller opplæring blir drøfta nærare i ei eiga stortingsmelding.

Høyringsuttala tek utgangspunkt i framlegga i NOU 2021:2.

Høyringsuttale frå Vest-Telemarkrådet

Vest-Telemarkrådet takkar for høvet til å kome med høyringsuttale til NOU 2021:2.

Vest-Telemarkrådet stør det overordna målet om å sikre at fleire kjem i arbeid. Kommunane er viktige aktørar i dette arbeidet. Det er mange samfunnsoppgåver som kan bli løyst betre i framtida om fleire blir inkludert i arbeidslivet. Kommuneøkonomi og lokal handlefridom er heilt avgjerande for å få til dette i praksis.

Vest-Telemarkrådet meiner at kommunane både kan spele ei viktig rolle for å redusere omfanget av ufriviljug deltid, og å sikre fleire som av ulike grunnar må jobbe deltid ein plass i arbeidslivet. For å redusere ufriviljug deltid, er det viktig at det framleis blir lagt til rette for ulike forsøk og samarbeid for å utvikle arbeidstidsordningar som styrkar andelen heile stillingar. Dette arbeidet må skje i tett samarbeid med partane i arbeidslivet. For å inkludere fleire, må kommunane få ressursar til oppfølging av dette arbeidet, og ein kan sjå føre seg pilotar i regionar som Vest-Telemark i tett samarbeid med lokalt NAV-kontor.

Vest-Telemarkrådet meiner at god kommuneøkonomi er heilt avgjerande for å sikre eit utdanningstilbod der tidleg innsats og tilpassa opplæring står i fokus. Dette legg grunnlaget for eit samfunn der flest mogleg står lengst mogleg i arbeidslivet. Det er naudsynt å halde fram innsatsen med å få flest mogleg gjennom vidaregåande opplæring. Her er tilpassa løp til elevar som treng ekstra tilrettelegging eit viktig bidrag. Gode og fleksible ordningar for å sikre vaksne moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring, er òg heilt avgjerande. Vest-Telemarkrådet vil òg peike på at mindre kommunar jobbar svært godt og målretta med integreringsarbeid, og er viktige med tanke på å kvalifisere innvandrarakar for utdanning og jobb.

Vest-Telemarkrådet deler utvalet si bekymring for gruppa 20-29 som ikkje er i arbeid, utdanning eller opplæring. (Om lag 8 % av aldersgruppa), og ber om at denne tematikken blir løfta i ei Stortingsmelding.

Vest-Telemarkrådet meiner at dagens tiltak for å redusere sjukefråver under paraplyen av IA-avtala er gode, og meiner prinsippa i dagens sjukelønsordning bør liggje fast. Rådet meiner at nyleg innførte tiltak som ekspertbistand må få tid til å bli innarbeidd, og at erfaringane frå desse må evaluerast.

NAV har ei viktig rolle i arbeidet med å auke sysselsettinga. Det er viktig at NAV har ressursar til og er organisert på ein måte som gjev tett oppfølging av brukarar, og gjer det mogleg med tett samarbeid med kommunar, næringsliv og andre lokale aktørar.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttala

26/2021 Uttale frå Vest-Telemarkrådet om å støtte USN planar om forskingspark i Bø

USN planlegg ein forskingspark i Bø. Vest-Telemarkrådet er kontakta av ordførar i Midt-Telemark og oppmoda til å kome med ei støtteuttale til arbeidet.

I Vest-Telemarkrådet sitt arbeidsprogram står det at rådet skal bidra til å auke innbyggjartalet og skape fleire arbeidsplassar, og vere pådrivar for fleire desentraliserte utdanningstilbod.

Vest-Telemarkrådet meiner det er av stor betydning for regionen at det blir satsa på å vidareutvikle eit desentralisert universitet.

Bø med sin infrastruktur, kompetansemiljø og sine tilbod er ein godt eigna stad for ein forskingspark. Ein forskingspark vil bidra til å trekkje til seg fleire studentar og forskarar, samt fagfolk frå ulike teknologi- og forskingsbasera miljø. Det vil vera seg frå lokalt, nasjonalt og internasjonalt miljø.

Med ei satsing på forskingspark, vil det bli meir attraktivt for næringslivet å etablere seg, som igjen betyr arbeidsplassar og gründerånd. Det vil og vera av stor betydning om satsinga bygger opp under eit enda tettare samarbeid mellom det offentlege og det private, slik at nye møteplassar blir etablert. Samarbeid med kompetansemiljø i Vest-Telemark vil og kunne gi auka verdiskaping i form av kunnskap, arbeidsplassar og gründerverksemd.

Ein forskingspark vil vera ein viktig samarbeidspartner og bidragsyter i utvikling av universitetsmiljøet i Vinje. Med ein forskingspark vil Campus Bø auke sin attraktivitet og vil dermed bli ein enda meir interessant og aktuell studiestad for komande studentar. Ikkje minst vil studentar frå Vest-Telemark kunne få eit enda betre studiemiljø og -tilbod i sin region.

Vest-Telemarkrådet er veldig positive til USN sine planer om etableringa av ein forskingspark lagt til Campus Bø og ynskjer med denne uttala å stø opp om satsinga.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet stør USN sitt arbeid med å etablere ein forskingspark i Bø.

27/2021 Høyringsuttale – NOU 2021:6 – Myndighetenes håndtering av koronapandemien - Covid-19

24. april 2020 nedsette regjeringa ei uavhengig kommisjon for å gjennomgå og evaluere alle sider ved myndighetenes handtering av koronapandemien. Koronakommisjonen la fram sin rapport 14. april 2021. NOU 2021:6 og Koronakommisjonens hovudbodskap

Thomas Berstad, rådgjevar i Telemark Næringshage, vil i forkant av handsaming av saka, gi ei kort orientering om statlege tilskottsmidlar og BIO-midlar til Vest-Telemark i samband med covid- 19.

Høyringsuttale

Kommisjonen konkluderar med at myndighetenes handtering av pandemien samla sett har vore sær s god. Rapporten påpeiker likevel alvorlege manglar og feilvurderingar gjort under pandemien frå myndighetenes side.

Vest-Telemarkrådet er i det store og heile samd i at hovudkonklusjonane frå kommisjonen står seg godt, men ser eit behov for å framheve enkelte punkt/manglar i rapporten.

Smittevern og beredskap

Det faktum at rapporten avslørar stor svikt i beredskapen er alvorleg. T.d. manglande smittevernutstyr førte til manglande tryggleik og mykje tidkrevjande arbeid for å få dette på plass, noko som skulle ha vore heilt unødvendig.

Talet på koronasmitta har vore og er framleis særdeles låg i Vest-Telemark. Men det har sjølv sagt vore og framleis er ei krevjande tid for kommunane. Oppfølging av karantene og isolasjon, testing, smittesporing og vaksinerings er prioriterte og ressurskrevjande oppgåver. Pandemien har ført til at store delar av den kommunale verksemda har brukt mykje tid på å planleggje og omorganisere aktivitet. Dette har ført til eit stort arbeidspress for mange tilsette. Det er viktig at regjeringa ser på måtar å anerkjenne og kompensere denne innsatsen på.

Frå ein kommunal ståstad er det òg grunn til å påpeike at det har vore andre utfordringar med myndighetenes handtering av pandemien:

I tidleg fase: Sentrale myndigheter verka lite førebudd på korleis det operative arbeidet skulle organiserast. Det offentlege apparatet var ikkje rigga for ein krisesituasjon mtp delegering og ansvar. Dette skapte ein svært utfordrande situasjon for mange kommunar.

Manglande regional avgrensing av ulike tiltaksnivå og restriksjonar har òg ført til utfordringar. I Vest-Telemark har det i lange periodar ikkje vore smitte i det heile teke. Då er til dømes eit forbod mot arrangement som samlar deltakarar frå fleire kommunar og fotballkamper for born mellom lag frå to nabokommunar lite forholdsmessige tiltak. Smittevernreglar bør difor sleppast opp der ein kan sleppe opp. Pandemien kan vedvare, men Vest-Telemark har handtert dette veldig bra og bør derfor ikkje bli underlagt strenge

nasjonale reglar som er tilpassa område med høgt smittetrykk. Dette framstår som veldig strengt i dag i forhold til smitta i vår region.

Det mest kritikkverdige er at regjeringa ikkje iverksette strenge nok tiltak for å avgrense importsmitte, sjølv om fleire instansar påpeikte behovet for dette. Dette har ført til eit høgare smittetrykk i det norske samfunnet, enn om slike tiltak hadde blitt innført tidlegare.

Økonomiske konsekvensar

Virusutbrotet har treft norsk økonomi særleg hardt. Reiseliv og kultur ble særleg hardt ramma av pandemien står det i rapporten. Eit utsegn som stemmer godt med situasjonen i Vest-Telemark, der reiselivet utgjer ei stor og viktig næring og der kulturaktivitetane er mangfaldige.

Kompensasjonsordninga for næringslivet har vore for komplisert. Fleire faller utanfor ordninga. Sentrale reglar tar ikkje omsyn til ulike tilhøve slik som kommunane lokalt kan gjera. Difor skulle ein større del av krisepakkane ha vore kanalisert gjennom kommunane. Då kunne ein gjort lokale vurderingar, og i større grad fanga opp bedrifter som ikkje blir ivareteke godt nok i dei nasjonale ordningane.

Kompensasjon til kommunane dekker ikkje fullt ut meirkostnader i samband med korona.

Kommunikasjon

Fokuset på enkel og forståeleg kommunikasjon ut til kommunar og innbyggjarar har vore for dårleg. Det har vore krevjande for kommunar å nærast måtte “benke seg framom TVen,” for deretter å bruke tid på nett for å finne ut kva informasjonen eigentleg inneber, og omforme denne slik at den blir enkel og forståeleg for innbyggjarane lokalt.

Eit større fokus på klarspråk og forenkling/målretting av budskap i det skriftlege materialet, kunne ha vore langt betre og utført langt meir profesjonelt. God og effektiv kommunikasjon med kommunane ville ha vore eit godt grunnlag for kommunane i sitt arbeid med å trygge sine innbyggjarar i ei usikker tid.

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttale til NOU 2021:6 –
Myndighetenes håndtering av koronapandemien - Covid-19 slik den
ligg føre***

28/2021 Nettverksbygging i Vest-Telemark

Arbeidsutvalet drøfte i sitt møte av 5. mai om å etablere eit nettverk av nyinnflyttarar i aldersgruppa 25-35 år. Målet er å etablere «bli»faktorar og på den måten hindre fråflytting.

Arbeidsutvalet foreslår at Vest-Telemarkrådet er ansvarleg arrangør og administrasjonen tar seg av det praktiske som t.d. invitasjonar, påmelding og gjennomføring.

Det er fleire måtar å etablere eit slikt nettverk på. Ein kan t.d. organisere nettverket kommunevis eller samla for Vest-Telemark. Ein kan lage uformelle eller formelle nettverk ut i frå interesse, fagleg bakgrunn eller yrke.

Vang i Valdres er ein kommune som t.d. arrangerar det dei kallar fredagskos, sjå [Fredagskos](#)

I 2021 kan Vest-Telemarkrådet ta sikte på eit arrangement til hausten. Det kan vera verdt å prøve å samle nyinnflytta i Vest-Telemark i eit nettverk. Samlinga skal ha både eit sosialt og fagleg opplegg, det skal vera eit lågterskeltilbod som er inkluderande. Kanskje ein og bør samarbeide med nokon lokale ildsjelar som kan bidra til at nettverket kan utvikle seg til å bli ein sosial møteplass for inkludering og nettverksbygging.

For igangsetting av nettverket bør Vest-Telemarkrådet ta kostnadene. Finansiering av nettverksetableringa for 2021 vert dekt over administrasjonens sitt budsjett, ansvar 1100. Det er i fyrste omgang ikkje tenkt ein eigenandel for deltakarane. Det viktigaste er å motivere til deltaking.

Det vil ikkje vera nok å annonsere samlinga i VTB og på Facebook, ein vil nok vera nøydd til å ta direkte kontakt. Dette betyr at ei samling må skje i nært samarbeid med kommunane.

Ein kan ta sikte på to samlingar i året, ei på våren og ei på hausten. Dersom Vest-Telemarkrådet ynskjer ei satsing på dette, er det naturleg at det kjem opp som budsjettpost til hausten basert på erfaringar som er gjort hausten 2021.

Rådet blir oppmoda til å kome med innspel til kva ei slik samling kan innehalde.

***Framlegg til vedtak: Administrasjonen er ansvarleg for å arrangere ei nettverkssamling til hausten.
Opplegg for samlinga som skissert i saka og med innspel gitt i rådsmøte.***

29/2021 Førebuing møte med Telemarksbenken

Det er avtalt møte med Telemarksbenken kl. 16.00 – 17.30. Møtet finn stad på Teams.

Vest-Telemarkrådet vedtok i møtet av 16. mars kva for tema som skal drøftast med benken. Basert på dette vedtaket, har arbeidsutvalet lagt opp til at møtet blir slik:

- 1. Tilbakemelding frå stortingsrepresentantane på tema drøfta på sist møte som var 2. februar 2021 .**
 - Særskilt fokus på Nasjonal Transportplan 2022 - 2033
- 2. Kva skjer i Vest-Telemark;**
 - Alle ordførarane gir ein kort status/presentasjon av sin kommune, 2 min kvar.
 - Jarand Felland presenterer felles arbeid som t. d. felles klimaplan og småbruksprosjektet.
- 3. Revidert statsbudsjett**
 - Halvor Homme innleiar
- 4. Tilgang på eigen kraft**
 - Erik Skjervagen innleiar